



SAKSFRAMLEGG

Lokal forskrift om bandtvang

Utval sak	Utval	Møtedato
64/10	Utval for plan og miljø	08.06.2010
30/10	Kommunestyret	16.06.2010

Vedlegg:

Utkast til lokal forskrift for bandtvang, Fitjar kommune
Uttale Fitjar bondelag
Uttale Haugaland og sunnhordland politidistrikt
Uttale Fitjar-Stord hundeklubb
Saksprotokoll sak 40/10 – lokal forskrift om bandtvang

Samandrag:

Utval for plan og miljø vedtok i møte 12. april å leggje forslag til forskrift om lokal bandtvang for Fitjar ut til offentlig ettersyn. Forskrifta har vore til offentlig ettersyn i perioden 5. mai til 26. mai, der sakspapira har vore tilgjengeleg ved Fitjar rådhus og på kommunen sine heimesider. Saka har vorte send til aktuelle uttalepartar, samt at det har vart annonsert i Avisa Sunnhordland 5. mai.

Saksopplysningar:

Lokale forskrifter om bandtvang gjev reglar om bandtvang ut over den ordinære perioden, som er 1. april til 20. august. Forskrifta som er føreslått i Fitjar er gjevne med heimel i Hundelova § 6.

Høyringsuttalar:

Det er kome inn tre uttalar til forskrifta:

Fitjar bondelag:

Her i Fitjar er det ofte sauer ute litt lengre enn til 15. oktober og me ynskjer at bandtvang perioden ved beiteområder blir utvida med 10 dagar. Det er og beiter som blir brukt for dyr (Sau og storfe) også om vinteren. Og i slike områder bør ein også vera varsome med sleppa hundar laus.

Haugaland og Sunnhordland politidistrikt og Fitjar lennsmannskontor:

Politiet gjer særskild merksam på Hundelova § 6 siste ledd som seier at bandtvang etter bokstav c og d ikkje kan setjast i større grad enn nødvendig, av omsyn til dei som ynskjer å ferdast med laus hund. Vidare skriv dei:

"Eg oppfattar saksframlegget slik at ein har valt desse 2 områda fordi ein meiner at desse vert mykje brukt av barnehagar og småbarnsfamiliar. Det er etter politiet si meining tiltrekkelig grunn saman med at det er rikeleg med andre tur og rekreasjonsområde i kommunen. Altså at særskilte lokale tilhøve gjer trong for bandtvang slik det er foreslått i desse to områda."

Fitjar-Stord hundeklubb

Hundklubben stiller seg positive til kommunen sitt ynskjer om å gje utfyllande og oppklarande bestemmelsar til hundelova. Dei meiner likevel at kommunale forskrifter ikkje vil vere med å gjere hundehaldet positivt og samfunnsgagnleg, slik føremålet med hundelova er. På bakgrunn av at dei uheldige hendingane knytt til lause hundar som

politiet har registrert siste åra har skjedd i ordinær bandtvangstid, meiner hundeklubben at det ikkje er noko konfliktnivå å redusere knytt til hundehald i Fitjar kommune.

Når det gjeld sjølve forskriftsteksten føreslår hundeklubben at § 3 skal lyde: *“Utover ordinær bandtvangstid 1. april til 20. august skal hunder haldast i band i og ved beiteområder der husdyr har rett til og faktisk beiter i tida 21. august til 1. oktober”*. Dei føreslår vidare å stryke resten av § 3, samt § 4. Å setje bandtvangstida til 1. oktober vert m.a. grunngjeve med forskrift om beite, Stord (FOR-1965-07-4) der det står *“(…) skal marka reknast for tenleg til beiting i tida frå 15. mai til 1. oktober”*.

Vurdering:

§ 3 a), b) og d) vert ståande slik som i høyringsutkastet. Områda i punkt d) er konkretisert i kartvedlegg som skal følgje forskrifta.

Bondelaget ynskjer å utvide bandtvangen til 25. oktober, medan hundeklubben vil redusere denne til 1. oktober. Forskrifta hundeklubben syner til (forskrift om beite, Stord) er frå 1965, klimatiske tilhøve har ført til at beitesesongen på Stordøya strekk seg lenger enn for 35 år sida og det er dermed ikkje urimeleg å rekne denne til å vare ut over 1. oktober. Administrasjonen held fast på forslaget om utvida bandtvang for beiteområde til 15. oktober, og meiner reglane for sikring av hund i hundelova må reknast for tilstrekkeleg sikring for dei som ikkje har henta dyra heim innan 15. oktober. Forskriftsteksten for § 3 c) vert endra til **i område der husdyr har rett til å beite og faktisk beitar(…)**, slik at den er i samsvar med det som er gjeve i hundelova § 6 siste ledd.

§ 4 i forskrifta vert endra til å vere **unnatak for bandtvang gjeve i § 3 c) og d)**. Dette vil i praksis sei at bandtvang i tur- og beiteområde ikkje er til hinder for jaktutøving og jakttrening i beite- og turområde der det elles vil vere bandtvang etter lokale reglar. Kommunen kan vidare ved forskrift eller enkeltvedtak gje unnatak frå reglane om bandtvang jf. hundelova § 9 e).

Framlegg til innstilling:

Fitjar kommunestyre vedtek vedlagd framlegg til lokal forskrift for bandtvang slik den føreligg.

Behandling i Utval for plan og miljø - 08.06.2010:

Tilråding til kommunestyret: (Samrøystes)

Fitjar kommunestyre vedtek vedlagd framlegg til lokal forskrift for bandtvang slik den føreligg.

Behandling i Kommunestyret - 16.06.2010:

Vedtak: (Samrøystes)

Som framlegg.

Atle Tornes
Rådmann